

# Møteinkalling

---

**Utval:** **Stølsheimen verneområdestyre**

**Møtestad:** Digitalt møte – e-post

**Dato:** 06.07.2021

**Tidspunkt:** 09:00

---

Møtet vert gjennomført digitalt med svar på e-post.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller på e-post  
[fmsfano@statsforvalterern.no](mailto:fmsfano@statsforvalterern.no). Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 13/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 15/21	Stølsheimen landskapsvernområde - utbetring av sti - Hallsetstølen til Øvre Berdalsvatnet		2020/18946

**ST 13/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 14/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2020/18946-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 18.06.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	15/21	06.07.2021

## Stølsheimen landskapsvernombord - utbetring av sti - Hallsetstølen til Øvre Berdalsvatnet

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland Turlag løyve til å tilrettelegge stien mellom Øvre Berdalsvatnet og Hallsetstølen. Området ligg i Vik kommune. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord punkt VI nr. 5. Det kan plukkast stein i nærområdet til stien. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Det kan leggjast Stein i stien der det er våte myrparti og myrhol. Steinane skal hindre at stien vert utvida i breidda og redusera slitasje på vegetasjonen.
- Tiltaka skal ikkje føra til drenering av myrområde.
- Stien skal leggjast til tørre parti i terrenget der det er mogleg.
- Stein til steinlegginga av stien kan plukkast frå steinurene på sørsida av dalføret. Dette skal gjerast så skånsamt som mogleg, slik at det viser minst mogleg igjen i terrenget etter at steinen er fjerna. Det må søkjast om eige løyve til motorferdsel til transport av stein.
- Før tiltaka vert sett i gang, må tiltakshavar ha naudsynt godkjenning til uttak av stein og steinlegging frå grunneigarar og rettshavarar i området.
- Turlaget har ansvar for vedlikehald av stien.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet når arbeidet er slutført. Rapporten skal ha med bilde av nokre av tiltaka på stien.
- Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan 31.10.2024, må det søkjast om ny dispensasjon til tiltaket.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Bergen og Hordaland Turlag om å klopplegge stien mellom Hallsetstølen og Øvre Berdalsvatnet, datert 14.12.2021




- Saksprotokoll Stølsheimen verneområdestyre, sak 4/21 – 17.02.2021

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1- 2020
- Sårbarheitsanalyse av utvalde lokaliteter i Stølsheimen landskapsvernområde, NINA Rapport 1559

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) har søkt om å få utbetra stien mellom Hallsetstølen og Øver Berdalsvatnet. Tiltaket er klopplegging på våte parti på stien, ca 7 – 800 meter, truleg noko mindre. I utgangspunktet ynskjer BHT å utbetra stien på heile strekninga mellom Steinslandsstølen og Hallsetstølen, men grunneigar i Modalen ynskjer ikkje tiltak på sin eigedom. BHT søker difor berre om tiltak i den delen av stien som ligg i Vik kommune. Grunneigarane i dette området er positive til tiltak som gjer stien meir lettgått og reduserer slitasje på stien.

BHT planlegg å legge solide klopper og god drenering på aktuelle våte parti på stien. Prosjektleiar på stien har registrert dei våtaste partia på stien. Punkta er lagt inn i kartet som vist under. Detaljar for arbeidet vert arbeid vidare med etter saka er behandla i verneområdestyret.



Kartkopi frå søknad med markering av punkt for utbetring.

Saka vart lagt fram for styret i sak 4/21 – 17.02.21. Det vart gjort følgjande vedtak i saka:



---

*Stølsheimen verneområdestyre vil gjennomføra synfaring saman med Bergen og Hordaland Turlag for å vurdera kva tiltak som kan vera aktuelle på stien i Stordalen og Berdalen. Synfaringa skal gjennomførast i barmarkssesongen 2021.*

Synfaringa vart gjennomført 8. og 9. juni. Utdrag frå møteprotokollen:

#### Synfaring sti i Stordalen og Berdalen

*Etter å ha vore på synfaring på stien, meiner styret det er trond for tiltak på dei våtaste myrpartia på stien. Det vil vera viktig for å hindre stor slitasje på vegetasjonen i myrområda, og for å gjere stien meir framkomeleg gjennom dei våtaste myrpartia. Det bør i tillegg vurderast å legge stien til meir slitesterk vegetasjon der det er mogleg. Forvaltarane sender saksframlegg til styret for behandling. Saka vert sendt på e-post til styret før sommarferien 2021.*

### **Lovgrunnlaget**


*«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske»* jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. punkt IV nr.1. Forvaltningsmynde kan gje løyve til «Oppmerking av nye turistruter, bygging av klopper, oppsetting av vegvisar mv». Jf. punkt VI nr. 5.

Uttak av masse er forbode i landskapsvernombjøde. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste og alternativ som seier at «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til å plukke stein frå steinurer i landskapsvernombjødet til steinlegging av stien..

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### **Vurdering**

BHT har t-merkt stien frå Stølsdammen til Steinslandsstølen, vidare til Solrenningane, over fjellet til Åsedalen, Hallsetstølen og via Berdalen og Stordalen tilbake til Steinslandsstølen og Stølsdammen (sjå kart under med stiane inntekna). Denne turen er ein fin 3 dagars rundtur med overnatting på turisthytta i Åsedalen og Solrenningane. Turen går i variert og spanande terrenget med fleire stolar, og er godt eigna som familietur med barn. Utfordringa med ferdsel gjennom Berdalen og Stordalen er at stien går gjennom eit våtmarksområde med store parti med våt myr.



Kart som viser t-markert sti Stølsdammen - Solrenningane - Åsedalen - Stølsdammen. Blå strek er vinterrute, og raud strek er sommarrute. Kopi fra Fylkesatlas.

Stien frå Steinslandsstølen til Solrenningane er utbetra med treklopper og steinsetting i vått og myrlendt terren. Gjennom Berdalen og Stordalen er det lange parti med vått og myrlendt terren, og BHT ynskjer no å legge treklopper på denne stien og, for å gjera stien lettare framkomeleg. I denne omgang søker dei om klopplegging på Stein i den øvste delen av dalen, Stordalen, som ligg i Vik kommune. Grunneigaren i Stordalen er positive til tiltak på stien. Nedste del av dalen, Berdalen, ligg i Modalen kommune. Grunneigarane her ynskjer ikkje tiltak på stien.



Tilrettelegging med stein og treklopper på stien mellom Steinslandstølen og Solrenningane.  
Foto Anbjørg Nornes



Parti frå myrområde i Berdalens. Foto Anbjørg Nornes

Verneforskrifta opnar for merking av stiar, og i besøksstrategien for Stølsheimen er denne stien omtalt som sti som kan vurderast for tilrettelegging. I forvaltningsplanen står det at tilrettelegging for friluftsliv bør medføra minst mogleg fysiske inngrep og motorisert ferdsel.



Kunnskapen om området er kjent frå befaring og gjennom arbeid med forvaltningsplanen, sårbarheitsanalyse, og besøksstrategien for Stølsheimen. Av raudlista artar er det registrert lirype, blåstrupe, sivspurv og fiskemåke i nærliken av stien (Naturbase 28.01.2021). På synfaringa vart det observert ein god del sivspurv langs stien, ein hekkande fiskemåke og nokre liryper. Forvaltar vurderer det som lite sannsynleg at steinlegging av våte parti av stien med tilhøyrande auka ferdsel vil gje vesentleg negativ påverknad på fuglelivet i området.

I området på sørsida av dalføret, der det er vurdert å plukke Stein til stien, er det ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar (Naturbase 01.07.2021).

Området er innafor Fjellheimen villreinområde, men ligg i ytterkant av villreinområdet. Området er kartlagt som sommarbeite. I sårbarheitsanalysen er sårbarheit for ferdsel i dette området vurdert som lågt i forhold til villrein. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som bra i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje vektlagt i denne saka.

Forvaltinga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak kan få på naturverdiane jf. nml. § 10. Stien frå Stølsdammen via Berdalen og Stordalen til Hallsetstølen og Åsedalen er mest nytta på sommarstid. Den hellelagde stien langs Stølsvatnet, og store myrområde innover i området, gjer til at området er lite eigna for sykkel, og det er registrert lite sykkelaktivitet i området ([www.strava.no](http://www.strava.no)). Den andre turen som går frå Stølsvatnet til Solrenningane er mykje nytta, og spesielt mykje nytta av barnefamiliar. God tilrettelegging på stien er nok ein av grunnane til at denne stien er meir nytta enn stien gjennom Stordalen og Berdalen.

På synfaringa verneområdestyret hadde på stien får Steinslandsstølen til Hallsetstølen, meinte styret at det er trong for tiltak på dei våtaste myrpartia på stien. Tiltaka er viktig for å hindra stor slitasje på vegetasjonen i myrområdet, og for å gjera stien meir framkomeleg på dei våtaste myrpartia. Det kan vera aktuelt å legge om stien på nokre parti, men det vil utgjera ein mindre del av stien. I rapporten frå sårbarheitsanalysen er det peika på at stien er utvida til brei sti gjennom våte område då turgåarar tek nye trasear for å unngå dei våtaste partia. I rapporten vert det vist til at aktuelle tiltak kan vera steinlegging eller klopper for å redusera slitasje på terrenget. Samtidig vil omfattande tiltak med klopper og steinlegging påverke landskapet, og kan opplevast som eit stort inngrep. Betre tilrettelegging på deler av stien kan føra til auka ferdsel, og med det større slitasje på den delen av stien som ikkje er utbetra med klopper. Klopplegging i halve dalen vil ikkje løyse utfordringane med slitasje på resten av stien, og forvaltar meiner difor det er viktig å undersøke med grunneigar om det kan vere aktuelt med omlegging av stien i nedste del av dalen.

Etter ei samla vurdering, meiner forvaltar omsøkt tiltak vil ha verknad på landskapet. Argument som likevel talar for tiltak på stien, er at tiltak som styrer ferdsel inn på ein stitrase vil førebyggja stor slitasje på terrenget. Forvaltar meiner difor det kan vera trong for nokon tiltak i Berdalen. Steinlegging bør vurderast i kombinasjon med omlegging av stien for å velja beste miljømessig metode jf. nml. § 12. Stein blir vurdert som eit mindre inngripande tiltak enn klopper i landskapet, og vil også krevje mindre vedlikehald. Tiltaka skal ikkje føra til drenering av våte område. Klopplegging og drenering av våte parti kan vera negativt for leveområdet til artar knytt til våtmarksområda.

På synfaringa i juni vart det vurdert om det var område som kan vera aktuelle å plukke Stein frå. Det er mange steinurer på sørsida av dalføra. Styret og forvaltar vurderte at det kan



hentast Stein til stien frå desse Steinurene. Dette skal gjerast så skånsamt som mogleg, slik at det viser minst mogleg igjen i terrenget etter at steinen er fjerna. Eit skånsamt uttak av Stein vil ikkje endra landskapets art og karakter, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Turlaget må avklara uttak av Stein med rettshavarane i området, og søke om helikopterløyve til transport.

### Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane under synfaringa 8. og 9. juni, og vurderinga etter verneforskrifta og nml. §§ 8-12, rår forvaltar til at det vert gitt løyve til å legge Stein på dei våtaste partia på stien mellom Hallsetstølen og Øvre Berdalsvatnet. Dette området ligg i Vik kommune. Stien i Modalen kommune, mellom Steinslandsstølen og Øvre Berdalsvatnet, bør leggjast om frå myrområde til tørrare terregn der det er mogleg. Tiltaket må avklarast med grunneigaren i området før omlegginga vert gjennomført.

Plukking av Stein frå nærområdet og frå Steinurene på sørsida av dalen, er vurdert til ikkje å påverka verneverdiene negativt. Med varsam plukking av Stein vil tiltaket ikkje påverka landskapet, og er vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet. Forvaltar rår på denne bakgrunn til at det kan gjevast løyve til å plukke Stein til stien med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48.